



Leiketun barnehage  
Holtermannsvegen 2  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3195 - 16/8391

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
27.04.2016

## Korrigert vedtak om kommunalt tilskot for 2016.

Tilskot til ikkje- kommunale barnehagar er regulert i Barnehageloven § 14 og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager § 1, og det er dette som ligg til grunn for utrekninga av tilskotet for 2016. Det blir framleis nytta eit teljetidspunkt, den 15. desember, med rapportering om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagane.

***«Meland kommune har gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr.10.834 538 til Leiketun barnehage for 2016.»  
Av denne summen utgjer kr. 797 476 kapitaltilskot.***

Berekning av drifts og kapitaltilskotet er gjort slik:

- 1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små born (0-2 år)	Kr 176 444
Store barn (3-5 år)	Kr 84 011
Kapitaltilskot:	Kr 8 800

- 2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	frå årsmeldinga 15. des. 2015
Små born (0-2 år)	26,2
Store barn (3-5 år)	64,4
Sum	90,6

2) Tilskot for 2016 vert basert på nøkkeltala over.

Det nye vedtaket erstattar vedtaket av 30.03.16. For ordens skuld informerer vi om, at endringa i vedtaket gjeld pkt. 2: Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet. Sjølvve tilskotsbeløpet er det same som i det første vedtaket. Viser og til svar på e-mail frå økonomikontoret 13.04.2016 om dette.

Barnehageeigar kan klage til Fylkesmannen over Meland kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jfr forvaltningslova §§28 og 29. Klagen skal sendast via Meland kommune, jfr forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jfr forvaltningslova § 27 tredje ledd.

Barnehagar som i løpet av året mottok høgare tilskot enn dei har krav på etter feil frå barnehagen si side, kan etter vedtak frå kommunen måtte tilbakebetale tilskot, jfr forskrift om tilskudd til private barnehager § 13.

Vi gjer og merksam på at Meland kommune kan gjere om vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jfr forvaltningslova § 35, femte ledd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Leiketun barnehage

Holtermannsvegen 5918  
2

FREKHAUG